**Styremøte halde i Hammersvik søndag 18.9. 2011 kl. 18.00 – 19.00.**

Frammøte: Jan Hammersvik, Per Arne Berge, Atle Nøstdal og Terje Hovden.

| Nr. | Sak / aksjon / frist | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Info | ▪ Pr. dato ca. kr 76.632,83 på konto<br>▪ Snekkar Jan Håvard Kulmo vil setje inn nye vindu i våningshuset i Årdalen. Samtidig skiftar vi kledning. Kulmo er flytta til kommunen.<br>▪ Jan og Terje har 17. og 18.9. frakta glasfag og glaskarmar på ryggen til Årdalen.<br>▪ Vi har ikkje fått overført midlar frå Fylkeskommunen. Jan purrar (Folkestad). | |
| 1 | **Innkjøp av kledning m.m.**<br>Jan Håvard Kulmo har laga materialliste over det vi treng til Årdalen for å setje inn originale vindauge og skifte kledning på våningshuset. Det er innhenta tilbod på leveransen – kostnad blir ca. kr 22.500,-.<br>Kledningsborda må pakkast / buntast slik at dei er klar for helikoptertransport (vekt, utan å få skade av stropping).<br>Styret var enige om å bruke grunna dobbelfalsa kledning med «staff», dvs. ein liten profil nederst på bordet (sjå bilde).<br> | **Jan** |
| 2 | **Helikoptertransport**<br>Jan tek kontakt med ulike helikopterfirrma for å få «leilighetstransport» av materialer frå Skårbø til Årdalen.<br>Jan og Atle lagar til ein landingsplass for materialer nederst i hagen i Årdalen i løpet av kommande veke. | **Jan**<br><br>**Jan / Atle** |
| 3 | **Maling / beis**<br>Sjølv om kledninga er grunna, må vi prøve å male / beise eitt ev. to strøk medan vi har stillas oppe. Dette vert å komme tilbake til. Farge på 1960-talet ut til å ha vore ulikt på dei veggane som var malte. | |





18.9.2011
th